



# GRUNNLAG FOR KONSEKVENSGREIING OG RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE

## Etne kommune

Alle innspel vil verte vurdert opp mot stadfesta mål i kommuneplanen sin samfunnsdel vedteke 15. desember 2016. Ein vil ikkje godkjenne arealbruk som strid mot mål vedteke i nemnde plan.

Kommunen er etter lov, PBL §8-2: «Regional plan skal leggast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen», pålagd å legge regionale planar til grunn for all planlegging. Det er som mål å følgje nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging vedteke av regjeringa 12. juni 2015. Les meir om korleis kommunen implementerer desse i kommunal planstrategi.

Lista er ikkje utfyllande.

### Konsekvensutgreiing:

TEMA	INNHALD	KUNNSKAP
<b>Anna næringsutvikling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Kommunen vektlegg prinsippet om rett næring til rett sted.</li> <li>❖ Kommunen vil gjere ei heilskapleg vurdering av tilgang på næringsareal i kommunen.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Areal og transport for Haugalandet</li> <li>- Regional næringsplan for Hordaland</li> <li>- Regional plan for attraktive senter i Hordaland</li> <li>- Lokal kunnskap</li> </ul>
<b>Barn og unge</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Vurdering av om foreslått arealbruk er i konflikt med leike-/friluftsliv-/friområde for barn.</li> <li>❖ Inkluderer òg eventuelle andre konsekvensar for barn.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kulturplan</li> <li>- Regional plan for attraktive senter i Hordaland</li> <li>- Areal og transport for Haugalandet</li> <li>- Regional plan for folkehelse</li> <li>- Folkehelseoversikt</li> </ul>
<b>Bustadutvikling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Nye byggefelt skal ha trygg skuleveg.</li> <li>❖ Ein skal etablere ny ordning for LNFS-sone som opnar for enklare byggesaksprosess.</li> <li>❖ Prioritert fortetting, men òg ope for bustader i krinsane.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Areal og transportplan for Haugalandet</li> <li>- Regional plan for attraktive senter i Hordaland</li> <li>- Regional plan for folkehelse</li> <li>- Folkehelseova</li> <li>- Folkehelseoversikt for Etne kommune</li> <li>- Tettstadanalyse Etnesjøen</li> <li>- Tettstadanalyse Skånevik</li> </ul>
<b>Energi</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Energibruk</li> <li>❖ Energireduserande tiltak</li> <li>❖ El – forsyning</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- ENOVA</li> <li>- BKK energiutgreiing</li> <li>- Klimaplan for Hordaland</li> <li>- Fylkesdelplan for småkraftverk</li> <li>- Planar for kraftforsyning og overføringslinjer</li> </ul>
<b>Folkehelse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Ivareta og styrke folkehelse og folkehelsearbeidet i kommunen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Regional plan for folkehelse</li> <li>- Folkehelseoversikt for Etne kommune</li> <li>- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga.</li> </ul>
<b>Forureining</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Støy, avfall</li> <li>❖ Drikkevasskjelde</li> <li>❖ Forureining/utslepp i luft eller grunn</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag</li> </ul>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Noverande, og eventuell framtidig, bruk av område til friluftsliv</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kartlagde friluftslivsområder (under arbeid)</li> <li>- Kulturplan (under arbeid)</li> <li>- Regional kulturplan (2015-2025)</li> <li>- Regionalt viktige friluftslivsområder i</li> </ul>



		Hordaland. - Lokalkunnskap
<b>Helse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Helse og miljø</li> <li>❖ Nærområde</li> <li>❖ Oppvekstvilkår</li> <li>❖ Kultur</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Regional plan for folkehelse</li> <li>- Stadanalyse Etne</li> <li>- Skånevikssoga</li> <li>- Regional kulturplan</li> <li>- Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for barn og unge</li> </ul>
<b>Infrastruktur</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Trafikktryggleik</li> <li>❖ Skule og barnehage</li> <li>❖ Aldersheim, Omsorgsbustad</li> <li>❖ Offentlege tenester</li> <li>❖ Servicetilbod</li> <li>❖ Veg, vatn, avlaup</li> <li>❖ IKT</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Nasjonal vegdatabank</li> <li>- Politiske vedtak</li> <li>- Kommunedelplan for E134</li> <li>- Energi- og klimaplan for Etne kommune</li> <li>- Leidningskartverk og registrering av sløkkevatn</li> <li>- Regional plan for attraktive senter i Hordaland</li> <li>- Regional plan for Areal og transport på Haugalandet</li> <li>- Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger (under arbeid)</li> <li>- Regional transportplan for Hordaland</li> <li>- Klimaplan for Hordaland</li> <li>- Rikspolitiske bestemmelser (RPB) for kjøpesenter</li> <li>- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging</li> </ul>
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Freda eller verneverdige kulturminne eller kulturmiljø, eldre busetnad, gardstun osb.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Askeladden database med kulturminner (Riksantikvaren)</li> <li>- Kulturminnesøk</li> <li>- SEFRAK-register</li> <li>- Stadanalyse Etne</li> <li>- Bygdebok Etne</li> <li>- Skånevikssoga</li> <li>- Regional kulturplan (2015-2025)</li> </ul>
<b>Landbruk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Konsekvensar for landbruksproduksjon og kulturlandskapsverdiar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Skog og landskap <a href="http://www.skogoglandskap.no/seksjoner/kartkatalog">http://www.skogoglandskap.no/seksjoner/kartkatalog</a></li> <li>- Bygdebok Etne</li> <li>- Skånevikssoga</li> <li>- Kjerneområde for landbruk</li> <li>- Landbruksplan for Etne 2005-2007</li> <li>- Stortingsmeldingar om vern av landbruksareal</li> <li>- Digitalt markslagskart (AR5)</li> </ul>
<b>Landskap og estetikk</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Visuelt sårbart eller eksponert areal</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Hordaland fylkeskommune-rapport?</li> <li>- Stadanalyse Etne</li> <li>- Direktoratet for naturforvaltning <a href="http://www.skogoglandskap.no/kart/landskap_sregioner">http://www.skogoglandskap.no/kart/landskap_sregioner</a></li> <li>- Landskapskartlegging av Hordaland fylke</li> </ul>
<b>Naturrisiko og klima</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Grunntilhøve</li> <li>❖ Skred, flaum, ekstremvær, vind, nedbør</li> <li>❖ Radon</li> <li>❖ Havnivåstiging</li> <li>❖ Dambrot</li> <li>❖ Skog og grasbrann</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Nasjonal skreddatabase <a href="http://www.skrednett.no/">http://www.skrednett.no/</a></li> <li>- Overordna ROS-analyse for Etne kommune</li> <li>- FylkesROS</li> <li>- Meteorologisk institutt</li> <li>- Flaumsonekartlegging frå 2003</li> <li>- Klimaplan</li> <li>- Stortingsmelding nr 26 (2006-2007)</li> <li>- Regjeringens miljøpolitikk og rikets</li> </ul>



		<p>miljøtilstand</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Stortingsmelding nr 23 (2001-2002) Betre miljø i byer og tettsteder</li> <li>- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging i kommunane</li> </ul>
<p><b>Naturverdiar og biologisk mangfald</b></p> <p><b>Naturmangfald</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Biologisk mangfald</li> <li>❖ Viltførekomstar</li> <li>❖ Område verna etter</li> <li>❖ Naturmangfaldlova</li> <li>❖ Verna vassdrag og strandsone</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Miljøstatus og Naturbase</li> <li>- Bygdebok Etne</li> <li>- Skånevikssoga</li> <li>- Skogbruksplan for Etne frå 1999</li> <li>- Viltkartlegging frå 2004</li> <li>- Berggrunnskart frå NGU</li> <li>- Kommunedelplan for sand- og grusressursar (utan juridisk verknad) frå 2000</li> <li>- Inngrepsfrie område (INO)</li> <li>- Verneplan for Folgefonna</li> <li>- Rikspolitiske retningsliner (RPR) for verna vassdrag</li> <li>- Digitalt markslagskart AR5</li> <li>- Lokalkunnskap</li> </ul>
<p><b>Samfunnstryggleik</b></p> <p><b>Beredskap</b></p> <p><b>Ulykkesrisiko</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Uttrykking</li> <li>❖ Ulykker</li> <li>❖ Særskilt risiko</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Overordna ROS-analyse for Etne kommune</li> <li>- FylkesROS</li> <li>- Nasjonal vegdatabank</li> </ul>
<p><b>Samlokalisering</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Samlokalisering av ulike føremål</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kart</li> <li>- Synfaring</li> </ul>
<p><b>Sentrumsutvikling</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Sentrumsområder i kommunen er regulert gjennom reguleringsplan.</li> <li>❖ Innspel som har stor samfunnsmessig nytte kan likevel bli handsama i revisjonsprosessen.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Areal og transportplan for Haugalandet</li> <li>- Regional plan for attraktive senter i Hordaland</li> <li>- Tettstadanalyse Etnesjøen</li> <li>- Tettstadanalyse Skånevik</li> </ul>
<p><b>Strandsone</b></p> <p><b>Kystsone</b></p> <p><b>Vassdrag</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Strandsone</li> <li>❖ Kystsone</li> <li>❖ Vassdrag</li> </ul>	<p>Plan- og bygningslova § 1-8 har eit generelt bygge- og deleforbod i 100-metersbeltet langs sjøen. Foreslått arealbruk skal vurderast i forhold til dette. Lova seier og at det langs vassdrag skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen</li> <li>- Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland frå 2007</li> <li>- Havbruksanalyse for Sunnhordland 2002</li> <li>- Interkommunal strandsonerplan for Sunnhordland (under arbeid)</li> <li>- Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger (under arbeid)</li> <li>- Strandsonerkartlegging Etne kommune</li> </ul>
<p><b>Støy</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Støysoner</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Støysonekart for E134 og fylkesveger (Statens Vegvesen)</li> <li>- Nærleik til næring- og industriområder</li> <li>- Innspelet sitt arealføremål</li> </ul>
<p><b>Universell utforming</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Tilrettelegging for alle brukargrupper. Tilgjenge, likestilling</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Regional plan for folkehelse</li> <li>- Synfaring</li> <li>- Deltaking for alle – universell utforming</li> </ul>


**Risiko- og sårbarheit:**

Naturfare	Ekstrem nedbør-flaum/overvatn	<p>Nytter data frå miljøstatus.no. Klimatal som baserer seg på rapporten «Klima i Norge 2100».</p> <p><b>Nedbør:</b> Låglandet og vestlege deler av kommunen (m.a. Etne og Skånevik) kan fram mot 2100 vente seg ei 20-25% auke i nedbør i høve til normalperioden (no 1961-1990). Fjæra og opp mot Vintertun og Rullestad før ei mindre endring på 15-20% fram mot 2100. Tala for dagar utan snø i 2100 kan vere så omfattande som 80 til over 100 dagar mindre med snø i Etnefjellene. I låglandet ligg talet på 20-50 dagar mindre med snø.</p> <p><b>Temperatur:</b> Forventa endring i årstemperatur frå 1961-1990 perioden til perioden 2071-2100: 2,5 til 3,5 grader. Temperaturstigninga auker dess lenger aust i kommunen ein kjem. Temperaturendring er interessant då det påverker versystemer, havnivåstigning og kan føre til auke i ekstremver.</p> <p><b>Flaum:</b> Flaumsonkart (utarbeida av NVE) for Etnevassdraget er nytta i handsaminga. Aktsemdssone for flaum (NVE) er ei teoretisk flaumson basert på terreng og nedbørsfelt. Teoretisk flaumson vil bli brukt som omsynssone i kommuneplan og nytta i handsaminga.</p> <p><b>Overvatn:</b> Ei grov og skjønleg vurdering av om foreslått arealbruk er sårbar for overvatn, eller i seg sjølv kan føre til endring i mengde overvatn.</p>
	Sterk vind-storm/orkan	<p><b>Vind:</b> Ekstrem vind og storm kan ha alvorlig konsekvens for miljø og materielle verdiar. Skåneviksfjorden er særleg utsett for hardt ver.</p>
	Havnivåstigning og stormflo	<p>Kunnskapsgrunnlaget for havnivåstigning og stormflo baserer seg på rapporten «Havnivåstigning og stormflo – samfunnssikkerhet i kommunal planlegging» (revidert i 2016) utgitt av DSB. Stormflo oppstår når veret sin verknad på havnivået fell saman med springflo.</p> <p><b>Havnivåstigning:</b> 64 cm (Etne) <b>Stormflo (200-års):</b> 216 cm over middelvann (Etne)</p> <p>Dette må tas med i vurderinga ved KU i kystnære områder.</p>
	Skred-kvikkleire, jord, flaum, snø, sørpe, stein	<p>Inkluderer aktsemdsområde for kvikkleire, jord- og flaumskred, snøskred og steinsprang og hellingskart. I områder som er inkluderte i NGI sitt aktsemdskart for snø- og steinskred, har ein brukt dette i staden for aktsemdskart for snøskred og steinsprang. Data frå NVE har blitt nytta til handsaming i GIS-programvare. Forslag om endra arealbruk i aktsemdssona krev oppfølging ved eventuell vidare behandling.</p>
	Erosjon og isgang	<p><b>Erosjon:</b> Vurdering i samband med data frå Miljøstatus sine data.</p> <p><b>Isgang:</b> Grov og skjønleg vurdering om fare for isgang med basis i lokal kunnskap. Enkelte fjordarmar i kommunen kan fryse til om vinteren.</p>
	Skog-, lyng- og grasbrann	<p>Skog-, lyng- og grasbrann vil kunne skje. Vurdering vil bli gjort med omsyn til lokal vegetasjon og topografi.</p>
Terrengformasjon som	<p>Det skal vurderast om det er farlege terrengformasjonar i området. Nyttar lokal</p>	



	utgjir særleg fare	kunnskap og terrengdata.
	Radonstråling	Nyttar kartdata frå Norsk Geologisk Undersøkelse. Alle bustader er pålagt frå TEK10 å sikre seg mot radon.
Menneske- og verksemdbaserte farar	Risikofylt industri, transport, bruk og lagring av kjemikaliar, eksplosive varer osv.	Nyttar kommunen sin kunnskap og kjennskap til lokale bedrifter. Viktig er òg hovudferdselsåra E134 og all transport av farleg gods som går på denne vegen. Oversikt over slik transport er samla i DSB sin rapport om transport av farleg gods frå 2012. Ein vurderer òg om føreslått arealbruk sjølv kan utgjere ein risiko for området.
	Forureinande/støyande verksemd	Nyttar data frå Miljøstatus- Her er kartfesta industri, industrianlegg, forureina grunn og verksemdar med utslipp. Lokal kunnskap er òg viktig. Det skal òg gjerast vurdering om den føreslåtte arealbruken sjølv kan utgjere ein risiko.
	Storbrann/tilgjenge for naudetat	Sannsynet for ein storbrann er vanskeleg å vurdere. Enklare å vurdere er konsekvensane om så skulle skje. Ein vil vurdere tilgjenge for naudetat og mellom anna tettleik av bygningsmasse. Vurdering om føreslått arealbruk sjølv kan utgjere fare.
	Trafikkulukker,/tilgjenge for naudetat	Fare for trafikkulukker har samanheng med trafikktryggleiken på staden. Ein vurderer òg tilgjenge for naudetat. Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) har noko data her. Lokalkunnskap er viktig.
	Fysisk øydelegging av vassforsyning/avløp/veg/ energitilførsle/IKT osv.	Ei grov og skjønleg vurdering om foreslått arealbruk kan ha konsekvensar for infrastruktur. Drikkevattn går òg under dette temaet. Lokal kunnskap, saman med database frå Miljøstatus, går inn i vurderingsgrunnlaget.
	Samlokaliseringsproblem	Samlokalisering vil vanlegvis vere ynska og sett på som eit gode. Det kan likevel vere uheldig dersom ei uynskt hending skulle sette alt ut av spel på same tid. Ved vurdering av nye innspel må dette tas med i utgreiinga.
	Sårbare objekt	Vurderer om endra arealføremål vil ha verknad på eventuelle sårbare objekt i nærleiken. DSB har kartfesta informasjon om sårbare objekt.
	Stråling frå kraftliner	Nyttar data over kraftlinjer frå NVE i GIS-programvare. Det er ikkje dokumentert negative helseeffektar ved eksponering frå høgspenning, men det er rekna som uheldig med for tett plassering. Dette er med omsyn til magnetfelt. Avstandskrav frå rettleiar frå DSB må følgjast.
	Potensiale for kriminalitet, sabotasje og terror	Ut i frå kommunen si lokale kunnskap vurderer ein kva type bygningar/føremål som kan vere potensielle arenaer for kriminalitet, sabotasje eller terror.
	Smittefare	I nokre spesialtilfelle kan ein foreslått arealbruk utgjere eller vere utsett for smittefare for dyr og/eller menneske.